



## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 04.08.2025

### 3 minutter – Sverre Vambheim

Sverre fortalte frå besøk i den nye stavkyrkja til Lothepus i Odda.

### Dagens tema – Framtidsfullmakt v/Jon Heimset

Jon orienterte om bruk av framtidfullmakter i familiesammenheng. I etterkant av møtet sende Jon ut kopi av den gode presentasjonen han heldt. På oppfordring frå dei frammøtte sende han også ut ein mal til framtidfullmakt, og sa seg villig til å støtte dei som ynskjer det med å setje opp sine fullmakter.

### Annet

Til neste møte i Hilleren vil vi organisere kompiskjøring fra Øyrane.

### Referent

*Aksel Skjervheim*



## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 11.08.2025

3 minutter – Utgår

### Dagens tema – KIL fondet (bedriftsbesøk)

Vi besøkte KIL Fond i Mathopen. Dei driv ei fullt ut dugnadsbasert teneste basert på innsamling og fordeling til sine rundt 200 abonnement-familiar av mat, samt nye og fint brukte klede og andre overskotsvarer.

Jula er ei spesielt travel tid der abonnementfamiliane får tre matkasser kvar og alle personar i familiane får tre presangar kvar. Dei har ei omfattande ordning for innsamling av julepresangar, med juletre i bydelane og på hotell for å gje flest mogeleg moglegheit til å bidra med presangar.

Elles har KIL Fond ei ordning der dei gir ein pengesum til konfirmantar i abonnementfamiliane og blant anna ei ordning der studentar på NHH tilbyr gratis rådgjeving i økonomiske saker.  
Imponterande!

### Annet

Ingen saker.

### Referent

Aksel Skjervheim



## ARNA ROTARYKLUBB – KROKKET 16.08.2025

### Krokkt-turnering

Svært vellukka turnering i fint vér på i det topp trimma hageanlegget til Astrid og Vidar på Haukeland.

Vi fordele oss på 15 lag fordelt på 3 banar. Med startrunde for alle, pluss semifinale og finale. Det heile enda med at Rita vann, i tospann med Trond Holm. Gratulerer!

Vi hadde den store gleda av å ha med oss guvernør Eli Lexander, tidlegare guvernør Rolf Thingvold og innkommande guvernør Thomas Thiis, som alle hevda seg godt på banane.

Vi fekk nydeleg pizza mellom rundane, mykje god vin, og til og med ein trykktank med nydeleg øl frå eit mikrobryggeri i nabølaget. Kaffi og gode kaker deretter.

Vi hadde gjettekonkurranse på vekt av mange små steinar og antall korkar i ei stor skål. Ikkje så lett å tippe, men vinnarane kom nær fasiten! Loddinnteketene frå gjettekonkurransane gjekk til End Polio.

### Referent

Aksel Skjervheim



## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 18.08.2025

### 3 minutter – John Akselberg

John delte erfaringar frå si tid som leiar av utbyggingsprosjektet i Mjeldheimskleiva.

### Dagens tema – Bergen Kickboxingklubb / Lone Speidergruppe

#### Bergen Kickboxingklubb

Erik Gundersen orienterte om verksemda. Dei har 210 medlemmer i dag. Dei er aktive i eit lokale i Ytre Arna og dessutan på Laksevåg. Jobbar med planar om nytt klubblokale i Bergen, i form av ein fleirbruksstall i samarbeid med fleire sportsklubbar. Gundersen sjølv vart europameister i 1992 og profesjonell verdsmeister i 2000!

#### Speiding i Arna

Ingunn Drageide og Henrik Lohne i 1.Lone Speidergruppe orienterte om speidarárbeidet i Arna. Gruppa blei stifta i 1965. I starten var det ei jente- og ei gutegruppe. Dei legg vekt på å få ungdommane med over i rover-arbeid. Dels for å behalde dei lenger; dels for å nytte og glede av ei som leiarar i troppen.

### Annet

Ingen saker.

### Referent

*Aksel Skjervheim*